



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Valutval	
	Kommunestyret	

Nyval av fast medlem til eldrerådet

Samandrag:

Kommunestyret skal velje nytt fast medlem til eldrerådet i Hareid kommune etter at Johan Bertel Brandal har fått fritak frå vervet. Plassen har stått vakant i påvente av avklaring av om medverknadsråda skulle slåast saman. Etter avklaringa skal råda halde fram som separate råd. Kommunestyret må difor velje ny representant, slik at den ledige plassen i eldrerådet blir fylt.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vel som nytt fast medlem i eldrerådet i Hareid kommune for resten av valperioden.

Saksopplysningar:

Johan B. Brandal har fått fritak frå eldrerådet. Eldrerådet har fem faste medlemer og to varamedlemer. Etter fritaket står eldrerådet att med fire faste medlemer.

Eldrerådet har etter fritaket desse faste medlemmane: Harald Teigene, leiar, Else Stridh, Kari Janne Ringstad og Leidulv Øyvind Grimstad. Varamedlemer er Torill Leirbekk og Randi Arnesen Rønning. Alle representantane er over 60 år.

Etter kommunelova § 7-10 skal det veljast nytt medlem når eit medlem trer endeleg ut av eit organ. Kommunalova kapittel 7 regulerer opprykk, nyval og suppleringsval.

Eldrerådet vart valt ved avtaleval i 2023. Rådet er eit medverknadsråd, og medlemmane representerer ikkje parti eller politiske grupper. Det ligg difor til valutvalet å fremje forslag til ny kandidat.

Kommunestyret vel sjølv eldrerådet. Fleirtalet av medlemmane i eldrerådet skal på valt tidspunkt ha fylt 60 år. Organisasjonar som representerer eldre, har rett til å fremje forslag om medlemer til rådet.

Alle faste medlemer og varamedlemer i eldrerådet er over 60 år. Kommunestyret kan difor velje ein kandidat under 60 år.

Ved val til eldreråd gjeld også krav til kjønnsbalanse. Etter at Johan B. Brandal går ut, står rådet att med to kvinner og to menn. Kravet til kjønnsbalanse vil difor vere oppfylt både dersom kommunestyret vel ein mann eller ei kvinne som nytt fast medlem.

Bent Arild Grytten
kommunedirektør

Kristian Stråmyr
Leiar servicetorg og politisk sekretariat